
Dato	26/02/2025
Vår referanse	2022/91762-50
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Adrian Kasin
E-post	Adrian.Kasin@vlfk.no
Telefon	90549768

Retningslinjer for bruk av lysmaster på fylkesvegar i Vestland fylke

Hei,

Vi ynskjer å informere om at Vestland fylkeskommune har innført nye retningslinjer for bruk av lysmaster langs fylkesvegane. For å ivareta både trafikktryggleik og driftssikkerheit er det ikkje lenger tillat å henge opp blomsterpotter, julebelysning, vimplar eller anna dekorativt utstyr i fylkeskommunale lysmaster. Desse mastene er utelukkande meint for belysning, og retningslinjene skal sikre at infrastrukturen held seg trygg og funksjonell for alle trafikantar.

Bakgrunn:

Vi forstår at dekorasjonar kan bidra til eit triveleg miljø, men påheng i form av dekorativt utstyr aukar vindlasta på lysmastene, som ikkje er dimensjonerte for denne typen ekstra belastning. Fleire av våre lysmaster er og ettergjevande master, utforma for å redusere skadeomfanget ved påkøyring. Desse mastene kan enten deformere seg (HE-master) eller knekke (NE-master) ved påkøyring. Montering av dekorativt utstyr på desse mastene kan svekke denne viktige tryggleiksfunksjonen og må derfor unngåast.

Unntak for trafikkskilt:

Unntaksvis kan montering av trafikkskilt vurderast på enkelte lysmaster, føresett at dette ikkje skjer på ettergjevande (HE) master. Vi viser til Statens vegvesen si handbok R310 Trafikksikkerhetsutstyr, kapittel 5.2.1, som seier følgjande:

"Det bør ikke settes opp trafikkskilt som er større enn ca. 1 m² på lysmaster. Dersom det er ønskelig å sette opp større skilt må vindlastene på masten beregnes. Det må ikke monteres skilt på HE og LE master (se kapittel 5.2.4). Før trafikkskilt monteres på lysmast må tillatelse innhentes fra masteeier."

Vi set pris på forståinga for desse retningslinjene, som har til hensikt å sikre trygg ferdsel langs fylkesvegane.

Med helsing

Sigbjørn Rabbe
seksjonsleiar
INV - Elektro

Adrian Kasin
Avd. ingeniør
INV - Elektro

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift